

Førde, 10.07.2013

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Småkraft AS – Søknad om løyve til bygging av Steindal kraftverk i Flora kommune, Sogn og Fjordane, og Høyringsfråsegn: Planendring Steindal kraftverk, søknad av 21.06.2013**

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 18.03.2013 og til sakspapira som vi har lasta ned via internett. Takk for at vi fekk utsett høyringsfristen! Grunna utsettinga, har vi også motteke planendringssøknaden. Den blir kommentert sist i fråsegna. Etersom 13 saker i Flora og Bremanger var på høyring om lag samstundes, var det viktig for oss å få utsett fristen for nokre av sakene. Men trass i utsettinga, vil nok høyringsfråsegnene våre bli noko mindre grundige enn vanleg. Vi har avgrensa administrativ kapasitet. Men vi skal prøve å få fram dei viktigaste problemstillingane.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.797. Steindal kraftverk ligg i Flora Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://flora.turistforeningen.no/>

### **Om friluftsliv i området:**

**Først om Steindalen:** I Steindalen er det ifølgje [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) eit lite Lokalt viktig friluftsområde i Selja-området. **Området er Høgt prioritert, prioritet 2!** Konflikatar:


- Inntaket til kraftverket er planlagt i den sørvestlegaste delen av dette friluftsområdet.
- Overføringa av Litleelva går inn i den sørlege delen av området.

Like aust for dette er det eit mykje større Lokalt viktig friluftsområde, som også er **Høgt prioritert**. Området dekkjer det aller meste av den austlege delen av Steindalen, og ein del meir, sjå kart på neste side. Kraftutbygginga er ikkje i direkte konflikt med dette friluftsområdet, men Selja-området vert mellom anna mykje brukt som utgangspunkt for turar inn i det mykje større området austafør.

Det store friluftsområdet i Steindalen er mykje brukt for skiturar. Det er ikkje det viktigaste i Flora, men terrenget er "familievenleg" og det er eit godt alternativ til andre skiturområde. Ein av Flora Turlag sine mest tradisjonsrike og populære turar er "Heia – Steindalen" som startar frå Trollstova på Ramsdalsheia, og går via Boltevatnet og ned i Steindalen, der det er organisert busstransport. Men det aller meste av bruken av området er sjølvsgatt uorganisert.

Steindalen vert også ganske mykje brukt om sommaren, for turar til fots både innover dalen og til toppane rundt, for bærplukking, for fiske i elva og vatna etc. Totalt sett er Steindalen eit viktig friluftsområde, men konfliktnivået med den planlagde kraftutbygginga blir ikkje spesielt stort, anna enn i anleggsperioden. Likevel: **Vi skulle ønske oss at overføringa av Litleelva vert fjerna.** Sjølv om inngrepa truleg ikkje blir så veldig store, så kjem dei i det området som er utgangspunkt for turar vidare innover dalen, og tilleggsproduksjonen av kraft som følgjer av denne overføringa, er liten.





Kartet over dei 2 Lokalt viktige friluftsområda i Steindalen er kopiert frå [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no)

**Så om friluftsliv i området som har tilknytning til inntaket av Stølselva:** Etter det vi kjenner til, er dette området først og fremst brukt om sommaren og hausten. Vegen som går søraustover mot Svardalsstøylen, er også godt eigna for skigåing om vinteren, men vi veit ikkje i kva grad den vert brukt.

Til fots om sommaren, derimot, er området ganske mykje brukt. Håsteinen og Høydalsnipa er svært viktige turmål. Dit har både Flora Turlag og Indre Sunnfjord Turlag faste årlege turar. I tillegg er det ganske mykje uorganisert turgåing dit. To av dei ganske mange rutene til desse toppane startar på sørsida av brua over Steindalselva og går vestover Håsteinsdalen. Den eine ruta tek til høgre og går opp Lilisdalen til toppen av Håsteinen. Den andre går Håsteindalen heilt til endes, og går opp mot Håsteinsvatnet som ligg mellom Høydalsnipa og Håsteinen. Steindal kraftverk er i konflikt med desse turrutene, men berre heilt i starten av turen, slik at konfliktnivået ikkje blir særleg stort.

Om sommaren er det også vanleg å gå turar til stølane i området, som Åmotsstøylen, Svardalsstøylen og Høyvikestølen. Frå Åmotsstøylen går det dessutan sti via Høyvikestølen og heilt til Vassbotn i Vevring i Naustdal kommune. Stien er merka av på NVE-Atlas. Området sørover og vestover frå vegen til Svardalsstøylen er dessutan eit populært område for bærplukking, særleg molteplukking.

På alle turar sørover i retning av, og til, Åmotsstøylen, vil utbygginga vere i konflikt med friluftslivet. I anleggsperioden vil konfliktnivået vere høgt. I driftsperioden vil det også vere ein del konflikt, men vi reknar vel ikkje med at det blir så stort at det gir oss god nok grunn til å gå mot utbygginga. Konfliktnivået blir innanfor det vi reknar som akseptabelt i slike saker. NB! God minstevassføring!

### **Kommentarar til utbyggingsplanane i opphaveleg søknad:**

**Hydrologi:** 5-persentilane er så å seie fullstendig like både sommar og vinter. Vårt framlegg er derfor at NVE fastset ei minstevassføring på 210 l/s heile året. Subsidiært kan ein sette minstevassføringa noko høgre om sommaren og noko lægre om vinteren. Til dømes til høvevis 300 l/s og 150 l/s.

**Reguleringar og overføringar:** Vi synest at overføringa av Litleelva bør sløyfast. Sjølv om inngrepa ikkje blir så veldig store, så blir heller ikkje auken i kraftproduksjonen særleg stor. Derfor synest vi at Litleelva bør få renne i fred slik som i dag!

**Inntak:** Vi har ikkje spesielle merknader til plassering og utforming av inntaket.

**Røyrgate:** Vi har heller ingen spesielle merknader til trasevalet for røyrgata.

**Kraftstasjonen:** Vi har ingen spesielle merknader til plasseringa av stasjonen, men det er viktig at den blir bygd slik at den ikkje blir altfor dominerande i terrenget. Dei samla inngrepa av kraftstasjonen og inntaket til Skolten kraftverk kan bli store. Viss det er omløpsventil i Skolten kraftverk, må det også installerast omløpsventil i Steindal kraftverk. Kanskje bør det installerast omløpsventil i Steindal kraftverk i alle fall, både av omsyn til drifta av Skolten kraftverk og av omsyn til fisken i elva nedstrøms Skolten kraftverk. **Men dette er problemstillingar som NVE må vurdere.**

**Nettilknytning:** Det ville jo vere ønskjeleg med tilknytning via kabel, men det er mogeleg det er praktiske vanskar med å få det til her. **Vi ber NVE vurdere dette i samband med sluttsynfaringa.**

### **Kommentarar til verknadane av utbygginga, opphaveleg søknad:**

**3.1 Hydrologi:** Vi viser til det vi har skrive om minstevassføring tidlegare i fråsegna. Alternativet vi skisserte med 300 l/s i 5 månader om sommaren og 150 l/s i 7 månader om vinteren, tilsvarar nokså nær 210 l/s heile året.

**3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terristrisk miljø:** Vi har ikkje vurdert dette på ein skikkeleg måte, og reknar med at Fylkesmannen og NVE sine fagfolk gjer det.

**3.7 Akvatisk miljø:** For vurdering av om det er trong for omløpsventil i kraftstasjonen, er det viktig å vite om elva mellom nedstrøms Skolten kraftverk og hovudelva i Osenvassdraget er gyte og/eller oppvekstområde for laks og/eller sjøaure. Det står det ingenting om i konsesjonssøknaden. Men viss den aktuelle elva vert brukt for gyting og/eller som oppvekstområde, noko vi finn **svært** sannsynleg, er også installering av omløpsventil eit viktig tema. **Vi ber NVE innhente turvande informasjon og vurdere spørsmålet.**

**3.9 Landskap:** Vi er ikkje sikre på at den negative verknaden av utbygginga blir så liten som det som står i konsesjonssøknaden. Men ettersom det er nokre år sidan underskrivne sakshandsamar sist var i Steindalen og gjekk oppover i retning Svardalsstøylen, kan vi ikkje vere så bastante at vi seier at konfliktvurderinga er fullstendig feil heller. Vi får sjå på det under sluttsynfaringa.

**3.11 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv først i fråsegna.

### **Kommentarar til Avbøtande tiltak:**

Vi viser til det vi her skrive tidlegare i fråsegna om auka minstevassføring.

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Konfliktnivået med friluftsliv er ikkje stort nok til at vi har sakleg grunn til å gå mot utbygginga.



## Kommentarar til: Planendringssøknaden, Alternativ A:

**Friluftsliv:** Det blir ingen vesentleg skilnad samanlikna med det opphavelge utbyggingsalternativet. Det blir litt betring ved at inntaket av Støylselva er flytta 10 høgdemeter nedover, og litt auka ulempe ved større røyrgatetrase (2 røyr) lenger nede. Sum: Ingen vesentleg skilnad.

**Reguleringar og overføringar:** Det er positivt at overføringa av Litleelva går ut!

**Inntak:** Ingen store merknader. Inntaket av Steindalselva vil framleis bli inne i det Lokalt viktige friluftsområdet. Inntaket av Støylselva vil bli flytta litt nedover, noko som er positivt.

**Vassveg:** Strekingar med dels 2, dels 3, ganske grovt dimensjonerte røyr i same grøft, vil gje veldig store inngrep på dei aktuelle strekningane. Ettersom vi ikkje har hatt tid til å reise på synfaring, har vi vanskar med å sjå for oss kor store tilleggsinngrepa vil bli, men vi er urolege, og reknar med at tilleggsinngrepa blir store. **Vi ber NVE vurdere dette grundig i samband med sluttsynfaringa.**

**Kraftstasjonar:** At 3 kraftstasjonar blir samlokaliserte, ser vi ikkje så negativt på, det er vassvegen vi ser som ”problemet”. Men 3 kraftstasjonar på same stad fører til at det må stillast ekstraordinært store krav til støydemping for at det samla støynivået skal bli akseptabelt. Og så er det dette med omløpsventilar. Vi reknar det som svært sannsynleg at elva mellom dei 3 kraftstasjonane og hovud-elva er viktig for fisk. Den viktigaste grunnen til bråstopp i kraftstasjonar er truleg problem med linjetilknytninga. (NVE får vurdere om denne påstanden er rett.) Viss det blir linjebrot, betyr det i så fall **bråstopp i alle dei 3 kraftstasjonane samstundes**. Situasjonen for fisken i elva nedstrøms kraftstasjonen vil då truleg straks bli **svært kritisk**. **Det vil verte heilt nødvendig med omløpsventilar både i Steindalselva kraftverk og Støylselva kraftverk! Vi ber NVE stille krav om dette!**

Utan at vi veit noko konkret om det, reknar vi det som sannsynleg at Skolten kraftverk ikkje har omløpsventil. Grunna den korte avstand mellom inntaket og kraftstasjonen, kan dette kanskje vere akseptabelt. Men for Steindalselva og Støylselva kraftverk blir avstanden mellom inntak og kraftverk **mykje** lenger, og ved bråstopp vil det **ta altfor lang tid** før det igjen blir vatn ”av betydning” i elva nedstrøms kraftstasjonane.

**Hydrologi:** Skolten kraftverk har i dag ei slukevne på 2.200 l/s, og den blir uendra. Med den slukevna er det no ganske mykje overløp over dammen som kjem i tillegg til minstevassføringa, 120 l/s.

Med 3 kraftverk blir det ved foten av det bratte partiet av Kleivelva ei samla slukevne på  $3.140 + 2.030 + 2.200 = 7.370$  l/s. Det er ein så kraftig auke at det aller meste av flaumar i Kleivelva vert fanga opp. Berre i dei største flaumane blir det overløp. Resten av året blir det berre minstevassføring som vil renne att i Kleivelva.

Det seier seg sjølv at viss situasjonen blir slik, så vil dagens minstevassføring for Skolten kraftverk, 120 l/s, bli altfor liten. Den er heilt sikkert altfor liten alt i dag og, men dette vert det til ei viss grad ”kompensert for” gjennom at det ofte er overløp. Viss dei 3 kraftverka vert samla, vil denne ”kompensasjonen” så og seie forsvinne, og Kleivelva mellom inntaket og Skolten kraftverk vil bli nesten heilt tørr (120 l/s er lite!) det aller meste av året. **Dette er kort og godt fullstendig uakseptabelt!**

**Viss dei 3 kraftstasjonane skal samlokalisert, så må konsesjonsvilkåra for Skolten kraftverk endrast, og minstevassføringa aukast kraftig! Minimum til gjennomsnittet av 5-persentil sommar og 5-persentil vinter. Viss ikkje ein slik auke av minstevassføringa for Skolten kraftverk vert gjennomført, så må ei utbygging etter Alternativ A avslåast - kort og greitt og utan tvil!**



**Landskap:** Tidlegare, før bygginga av Skolten kraftverk, var det langs Kleivelva eit veldig flott gjel (canyon). Dette var eit landskapselement som i alle fall underskrivne sakshandsamar vart imponert over frå første gong eg såg det for truleg meir enn 50 år sidan. Korleis det er i dag, etter at Skolten kraftverk vart bygt, har eg dessverre (eller kanskje skal eg heller seie heldigvis?) ikkje sett. Men eg er uroleg for at tilleggsinngrepa, og dermed den negative verknaden for landskapet, vert (for) stor med ei utbygging etter Alternativ A! Men ettersom eg ikkje har vore på synfaring, er det vanskeleg å bedømme kor store tilleggsinngrepa vil bli samanlikna med dagens situasjon. **Dette må vurderast under NVE si sluttsynfaring.**

**Akvatisk miljø/fisk:** Vi ber NVE om sterkt å vurdere å krevje ei **tilleggsutgreiing** om temaet for den delen av Kleivelva som er mellom kraftstasjonane og utløpet i hovudelva. Viss denne elvestrekninga er så viktig som det vi reknar som sannsynleg, vil det underbygge våre krav om installering av omløpsventilar i begge dei nye kraftstasjonane, og om auka minstevassføring for Skolten kraftverk.

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Viss ei utbygging etter Alternativ A skal gjennomførast, må det vere **ein uttrykkeleg føresetnad at minstevassføringa for Skolten kraftverk vert auka kraftig**. Vårt framlegg er gjennomsnittet av 5-persentil sommar og 5-persentil vinter ved inntaket, heile året. Men ein kan sjølvsagt også ha ei noko større minstevassføring om sommaren og ei litt mindre om vinteren, etter NVE si vurdering. **Utan ein kraftig auke av minstevassføringa for Skolten kraftverk, meiner vi at ei utbygging etter Alternativ A må avslåast, og at NVE i staden gir konsesjon til bygging etter Alternativ B.** Vi meiner også at det må vere ein føresetnad for å gje konsesjon etter Alternativ A, at det vert installert omløpsventil i begge dei nye kraftstasjonane.

Viss begge dei 2 føresetnadane ovanfor vert oppfylte, er vi opne for å akseptere ei utbygging etter Alternativ A. Men vi meiner at Alternativ B vil vere det beste av alle alternativa.

### **Kommentarar til: Planendringssøknaden, Alternativ B:**

Her viser vi til høyringsfråsegna til den opphavelige søknaden. Tilleggskommentarar:

Planendringa etter Alternativ B gir etter vårt syn ei noko meir miljøvenleg utbygging enn utbyggingsløysinga i den opphavelige søknaden Grunngeving for det:

- Begge inntaka er flytta 10 høgdemeter nedover. Det betyr at dei regulerte elvestrekningane blir litt kortare, og at inntaket i Steindalen vert lagt nedanfor det Lokalt viktige friluftsrådet.
- Overføringa av Litleelva er teken ut, noko som er positivt!

**Vår konklusjon: Ei utbygging etter Alternativ B er det beste alternativet av alle!**

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet  
Alvar Melvær (sign.)